

# ÅRSMELDING FOR KLØVHEIM SKULEKORPS 2012/ 2013

## STYRE/ ANSVARSOPPGÅVER

Styret denne sesongen:

Leiar: Bjørnar Eidsheim

Nestleiar: Sveinung Toft

Kasserar: Olav Tveito

Sekretær: Norunn Åkernes Jordal

Styremedlem: Brit Ingrid Eknes

1.varamedlem: Vivian Bjørnsen

2.varamedlem: Torunn Hjelmtveit

Tillitsvald frå korpset: Siren Åkernes Jordal

Tillitsvald frå korpset: Tarjei Bjørnevoll

Valnemnd:

Marianne Øvretveit

Tove Øvretveit

Revisor:

Ramona B. Fjellanger

Bjørnar Eide

Andre ansvarsoppgåver:

Uniformsforvaltarar: Vivian Bjørnsen

Hilde Kvingedal

Notearkiv/ kopiering: Marielle Bjørnevoll

Material-/ instrumentforvaltar: Marielle Bjørnevoll

Basarnemnd: Kjersti Nordanger

Nina Kleiven

Trude Hindenes Laastad

## MØTE:

### MEDLEMSMØTE

Dirigenten hadde møte med musikantane i starten på haustsesongen og vårsesongen.

### FORELDREMØTE

Det var foreldremøte 07.01.13.

### STYREMØTE

Det har vore 6 styremøte og 20 saker er tekne opp.

### ÅRSMØTE

Årsmøtet vart halde 25.10.12.

## **EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE**

Ekstraordinært årsmøte for godkjenning av rekneskap for 2012 vart halde 8.04.13

### **ANDRE MØTE:**

Leiar har representert korpset på følgjande møter:

- Møte med Lindås Kulturskule (okt)
- Dialogmøter med NMF (haust og vår)
- Dialogmøter med EBML (april og juli)
- Planleggingsmøter korpskveld. (3 møter)

### **DIRIGENTAR/ INSTRUKTØRAR**

Magnus Brandseth har vore dirigent for korpset også denne sesongen. Han har også hatt ansvaret for aspirantundervisning. I dei tilfella der Magnus ikkje har kunna stilla, har han ordna vikar. Dette har vore i periodane rundt Siddis Brass, NM for brassband og EM for brassband. Knut Harald Rydland, Sturle Berntsen og Oddvar Nøsdal har vore vikarar.

Kamilla Bjørnsen har vore vikar for aspirantundervisninga.

Det har vore ei prioritert oppgåve å halde faste øvingstider for korpset sjølv om Magnus ikkje kan stilla.

Elles har korpset hatt innleigde instruktørar til to øvingshelger.

I tillegg har Jane Westervik hatt ei gruppeøving med solokornett og Brynjar Eide har hatt to gruppeøvingar med slagverk.

### **MUSIKANTAR**

Ved oppstart hausten 2012 hadde korpset 25 musikantar. Det kom ikkje inn aspirantar sidan 2 årskull vart tekne opp forrige år. Frigjort ressursar vart brukt til gruppeøvingar og særskild oppfølging av dei yngste i korpset. Ved årsskiftet 2012/13 gjekk to musikantar av for aldersgrensa mens ein slutta av andre årsaker.

### **ASPIRANTAR**

Det har vore to aspirantar denne sesongen. Ein av desse slutta, mens ein er teken opp i korpset frå august 2013.

### **ØVINGAR**

Korpset har hatt mandag og torsdag som faste øvingsdagar. Mandagar har det vore gruppeøvingar i tillegg til korpsøving.

Det har vore 3 øvingshelger, ei i haustsemesteret og to i vårsemesteret, i tillegg ekstraøvingar før Hordablæsten og NM.

Dei eldste musikantane, f.o.m. 15 år, har delteke på EB-junior-samlingane, ei om hausten og ei om våren.

Aspirantane var med på seminar på Hordablæsten og Knøttesamling med EBML i mars.

Mange var med på korpskveld i Knarvik i april, eit samarbeidsprosjekt mellom skulekorpsa i Lindås.

Korpset hadde "sit-in"-øving med EBML i mai som førebuing til NM 2013.

Musikantar frå korpset deltok på EBML sitt Feriespel i Knarvik i juli 2013.

Det var og 1 musikanter på NMF sitt sommarkurs på Manger i august 2013 (blått/svart kurs).

## **KONSERTAR/ SPELEOPPDRAK:**

I staden for konkurranse vart haustsesongen brukt til å øve inn eit underhaldningsprogram som vart framført på konsert på Fammestad 18.11.12 Her var fleire av korpsmedlemmane solistar. Delar av dette programmet vart og framført på konsert saman med Knarvik skulekorps 15.11.12 på Knarvik ungdomsskule.

Mini-konsert i ungdomshuset på Fammestad 09.12.12.

Speling på Kløvheim bygdelag sin lysfest ved butikken på Kløve. 13.12.2012

Julekonsert i Myking kyrkje 16.12.12.

Speling på Kløvheim skule sin julefest.

Speling på gudsteneste i Myking kyrkje 24.12.12.

Speling på korpset sin basar i ungdomshuset på Fammestad 17.03.13.

Hordablæsten 6 og 7.4.13 i Grieghallen, Bergen. Korpset tok ein flott siger i 2. divisjon med 93 poeng. To musikantar frå korpset stilte i solistkonkurransen og to i ensemblekonkurransen i samarbeid med Knarvik Skulekorps.

Speling under 17.mai-feiringa på Kløvheim og Myking 17.05.13.

Speling på korpset sin sommarfest på skulen 02.06.13

Før-NM-konsert på Kløvheim Skule 20.6.13

NM i Stavanger 22.06.13. Korpset fekk ein flott 2. plass i 2. divisjon med 93 poeng.

Speling på korpset sin sommarfest på skulen 23.06.13

## **DUGNAD SARBEID OG INNTEKTSKJELDER**

Feriespel i Knarvik

Korpskveld i Knarvik

Seminar

Haustinnsamlinga 2012

Mini-konserten

Dugnadsarbeid under Utkantfestivalen

Morsdagslotteriet

Basar

Sal av 17. mai-program

Sommarfest

Grasrotandelen

Tildelingar frå ulike fond og prosjektmidlar (Sparebanken Vest, Instrumentfond, kulturmidlar)

## **FORELDREFOREININGA**

Ein del foreldre har møttest til sosialt samvere i korpset si øvingstid.

## **ANNA**

Serien «Korpsfiksert» gjekk på NRK vinteren/våren 2013. I samband med dette fekk korpset stor merksemd og inntrykket er at det var ei positiv oppleving for medlemmane å kjenna litt på «kjendisstatusen».

Det er nedsett ein komite for å arrangera utanlandstur i juni 2014. Sidan tidspunktet for NM er flytta til siste helga i juni, vert det ikkje deltaking der dette året.

Sidan me ser utfordringar knytta til framtidig rekruttering, er det halde innleiande samtalar med Ostereidet Skulemusikk om eit mogeleg samarbeid. Målsetjinga frå Kløvheim si side er å

oppretthalda eit korpstilbod som vidarefører dei kvalitetane me har i dag. Dette gjeld både tilbudet til musikantar og den godt etablerte kulturen i foreldregruppa. Så langt er det ikkje kome noko konkret ut av dette, men det er semje om å halde kontakten vidare.

Kløyheim 24/10 2013

Bjørnar Eidsheim  
- leiar -





